

Reglement for eldrerådet i Selje kommune

(Vedtekte av Selje kommunestyre den 29. april 2009 sak 028/09)

1. Val, oppnemning og samansetjing.

Eldrerådet vert oppnemnt av Selje kommunestyre og følgjer den kommunale valperioden.

Eldrerådet består av 5 medlemmer med varamedlemar.

Fire av medlemmane skal vere alderspensjonistar, der to vert valde av Selje Pensjonistlag og to vert valde av Stadlandet Pensjonistlag. Kwart pensjonistlag vel og 2 varamedlemar til eldrerådet. Selje kommunestyre vel ein representant frå kommunestyret sine medlemar til eldrerådet. Selje kommunestyre vel og eit varamedlem til eldrerådet.

Eldrerådet vel sjølv leiar og nestleiar som begge skal vere alderspensjonistar. Dersom leiar går ut, eller vert løyst frå vervet, skal det velgjast ny leiar.

2. Eldrerådet sine oppgåver.

Eldrerådet er eit rådgevande organ for kommunen, og skal ha til handsaming alle saker som vedkjem levekåra, velferd og trivsel for eldre i kommunen.

Eldrerådet kan sjølv ta opp saker som gjeld dei eldre i kommunen.

Eldrerådet skal uttale seg om kommunen sitt årsbudsjett, økonomiplan, kommuneplanar og sektorplanar.

Eldrerådet skal utarbeide sitt eige budsjett, som skal innarbeidast i budsjettet for sentraladministrasjonen.

Eldrerådet bør verte representert i råd, utval og nemnder som vedkjem dei eldre sin situasjon og livsvilkår.

Eldrerådet skal kvart år utarbeide ei melding om verksemda si. Meldinga skal leggjast fram for kommunestyret som eiga sak.

3. Reglar om sakshandsaming

Alle saksdokument som eldrerådet skal handsame skal leggjast fram for rådet til uttale før fagutval, formannskap eller kommunestyre tek endeleg avgjerd i saka. Sakspapira skal sendast ut parallelt til eldrerådet.

Sakene skal sendast ut i så god tid at eldrerådet kan førebu sakene før dei vert lagt fram på rådet sine møter.

Utvalsleiaren har ansvaret for innkallinga.

Innkallinga skal innehalde tid og stad for møtet, oversikt over saker som skal handsamast, sakspapir og anna dokumentasjon og opplysning om at saksdokumenta er

lagt ut til offentlig ettersyn på rådhuset, på biblioteka i kommunen og på kommunen si internett-heimeside.

Eldrerådet skal kallast inn med 7 dagars varsel.

Innkalling og sakliste skal sendast som e-post til

- eldrerådsmedlemane inkl. 1. og 2. varamedlem
- Medlemane i kontrollutvalet
- Partileiarane
- Biblioteka i kommunen
- Fjordenes Tidende
- Synste Møre
- Sunnmørsposten
- NRK Sogn og Fjordane

(Utvalseleiar har fullmakt til praktiske justeringar av rutinane)

Dersom personane/verksemdene ikkje har e-postadresse, skal sakspapira sendast ut på papir.

Det skal først protokoll frå rådet sine møter. Utskrift av protokollen skal følgje saksdokumenta til dei kommunale organ som gjer endeleg vedtak i dei sakene rådet har handsama.

Eldrerådet skal ha utskrift av dei endelege vedtak som vert gjort i dei kommunale organa i dei sakene eldrerådet har gjeve uttale.

Reglane om inhabilitet i forvaltningslova kap. II, og med dei særreglar som går fram av kommunelova §§ 40 nr. 3, a, b og c og 40 nr. 4 gjeld for eldrerådet. Den som er inhabil i ei sak, kan ikkje ta del i handsaminga av vedkomande sak.

Eldrerådet sine medlemmer og varamedlemmer har teieplikt for det dei får vite om offentlege tilhøve og nokon sitt personlege tilhøve når opplysningane er unnateke offentlegheit og/eller er underlagt teieplikt, forvaltningslova §§ 13 – 13f.

Straffansvar etter straffelova sine bestemmelsar kan verte gjort gjeldande ved brot på teieplikta.

Eldrerådet kan be rådmannen om munnleg å gjere greie for særskilde saker. Rådmannen sjølv vel kven som skal møte eldrerådet.

Alle møter i eldrerådet er opne, men kan lukkast under handsaming av einskilde saker dersom lovpålagt teieplikt eller omsynet til personvernet eller andre tungtvegande private eller offentlege interesser tilseier handsaming for lukka dører.

4. Sekretariat – møtefrekvens – møtegodtgjersle.

Rådmannen skal stille og organisere forsvarleg sekretariatsbistand for rådet.

Sekretæren førebur, saman med leiar, saksdokumenta som skal sendast til rådsmedlemane og administrasjonen samstundes med innkallinga til rådsmøta.

Sekretæren fører protokoll frå møta, og sørgjer for at utskrift vert sendt til rådet sine medlemar og varamedlemar, samt dei einingane som skal handsame sakene vidare.

Sekretæren har tale- og forslagsrett, men ikkje røysterett.

Eldrerådet held møta sine etter ein oppsett møteplan. Møteplanen bør ta omsyn til kommunestyret, formannskapet og fagutvala sine møtetider.

Eldrerådet sine medlemar mottek møtegodtgjersle i samsvar med reglement vedteke av kommunestyret.

Elles vert det vist til lov om kommunale og fylkeskommunale eldreråd samt Sosialdepartementet sitt rundskriv 1 – 43/91 av 12.05.98.